



STATUTTAR FOR MILJØVERNPRISEN I VOSS HERAD

1. Voss herad sin Miljøvernpris skal vera til heider og stimulans for einskildpersonar, lag eller bedrifter som har utmerka seg innan miljøvernarbeid i heradet.

Prisen kan eventuelt delast mellom fleire mottakarar.
2. Miljøvernprisen skal vera eit arbeid innan kunst eller kunsthåndverk utført av lokale krefter i kommunen.
3. Det skal opprettast ein eigen post for Miljøvernpris. Løyving vert vedteke årleg som del av budsjetthandsaminga.
4. Gjennom utlysing skal ålmenta få høve til å fremja grunngjevne framlegg om aktuelle kandidatar til Voss herad sin Miljøvernpris. Lista over føreslegne kandidatar vert ikkje offentleggjord.
5. Miljøvernprisen vert utdelt av Voss herad ved Utval for klima, miljø og beredskap. Tildelinga av prisen finn stad i tilknytning til ei særskild høgtidssamkome.
6. Miljøvernprisen er i utgangspunktet ein årleg pris, men utvalet står fritt til å vedta ikkje å dela ut Miljøvernpris einskilde år.
7. Statuttane for Voss herad sin Miljøvernpris kan berre endrast etter tilråding frå Utval for klima, miljø og beredskap og vedtak i Voss heradsstyre.

Vedtak i Voss kommunestyre 31/10-96, sak 089/96.

Sist vedteke av Voss heradstyre 22.10.2020, sak 101/20

Redaksjonell redigering 01.10.2024